



Hå kommune

FORSKRIFT OM BANDTVANG FOR HUND I HÅ KOMMUNE



FORSKRIFT AV 01.09.2011 - HÅ KOMMUNE

www.ha.kommune.no

Forskrift om bandtvang for hund i Hå kommune

Fastsett av Hå kommunestyre den 01.09.2011 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald (hundelova) § 6 andre ledd bokstav a, b, c og e, § 9 og § 11.

§ 1.0 Føremål

Hå kommune ønskjer gjennom denne forskrifta å fremja eit positiv og ansvarleg hundehald som tek i vare omsyn til tryggleik og alminneleg ro og orden.

§ 2.0 Verkeområde

Denne forskrifta omfattar utvida reglar om bandtvang, og kjem i tillegg til føresegn om hundehald gitt i hundelova av 4. juli 2003 nr. 74.

Med bandtvang meinast, i forskrifta, at hundehaldar skal halda hunden i band eller forsvarleg inngjerda eller innestengt.

§ 3.0 Definisjonar

I tida mellom 1. april t.o.m. 20. august er det, i følgje hundelova § 6 første ledd, bandtvang i heile Hå kommune.

§ 4.0 Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite

Av omsyn til husdyr som beiter, er det bandtvang i heile kommunen i tida 1. april til 31. oktober.

I områder der husdyr beiter heile året, er det bandtvang heile året.

§ 5.0 Lokale vedtekter om bandtvang mv.

Hund skal haldast i band heile året:

- a) i og i tilknytning til bustadområde og handleområde.
- b) i parkar, på og ved skular, ved anlegg for leik, idrett eller rekreasjon.
- c) i områder der husdyr beiter heile året.
- d) i Jærestrendene landskapsverneområde, i Synesvarden landskapsverneområdet og Rabali plantevernområde.
- e) i verneområdene Søylandsvatnet og Bjårvatn.

§ 6.0 Stader der hundar ikkje har tilgang:

Hundar har ikkje tilgang til barnehagar og kyrkjegardar. Unntak frå forbodet gjeld dersom hund er ein del av undervisninga i regi av gjeldande barnehage. Unntak gjeld også for førarhund og servicehund for funksjonshemma.

§ 7.0 Tal på hundar i eit hushald eller på ein eigedom/tomt

Ein husstand kan halda meir enn tre vaksne hundar i sitt hushald eller på ein eigedom/tomt på følgjande vilkår:

- a) eigedomen er over 1,5 dekar stor.
- b) det arealet hundane brukar på eigedomen skal vera gjerda inne med minimum 1,5 m høgt gjerde og gjerdet må stå minimum 4 m frå eigedomsgrense mot nabo og offentleg veg og minimum 50 m frå barnehage, skule eller eldresenter.
- c) Eigedomen må ha lukka og luktfri behaldar for deponering av hundeavføring eller annan ordning som hindrar sjenerande ekskrementlukt frå eigedomen.

§ 8.0 Unntak frå bandtvang

Forskrifta gjeld alle hundar med unntak av:

- a) Førarhund/servicehund for funksjonshemma.
- b) Organisert trening av jakt- eller brukshundar.
- c) Hundar nemnt i unntaksføresegna i hundelovas §9.

§ 9.0 Forsøpling

Hundehaldarar pliktar å fjerne avføring som sin hund legg igjen på offentleg stad.

§ 10.0 Straff

Brot på denne forskrifta er straffbart og kan straffast i samsvar med føresegna i hundelova § 28.

§ 11 Dispensasjon

Kommunen kan etter skriftleg grunngjeven søknad dispensera frå føresegna i § 5, § 6 og § 7.

§ 12 Iverksetjing

Denne føresegna tek til å gjelde frå 01.10.2011.



Hå kommune
Rådhusgata 8
4360 Varhaug
Telefon: 51 79 30 00
Faks: 51 79 30 01

